

Utval: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad: Møte og saksbehandling hos Bergen og Omland Friluftsråd, Hellebakken 4
Dato: 08.06.2016
Tidspunkt: 11:00 – 14:50

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Siri Klokkerstuen	Medlem	A
Neshe Lie	Medlem	H
Beate Husa	Leiar	KRF
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Espen Berntsen	Medlem	A
Olav Kvinge	Medlem	H
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Anita Garlid Johannessen	Gunnar Bakke	FrP
Christer Lilleskare Olsen	May-Eva Sandvik	H

Merknader

Ingen vara møtte for Sigbjørn Framnes

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Utviklingssjef, kultur- og idrettsavdelinga
Britt-Karen Spjeld	Fylkesidrettssjef, kultur- og idrettsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
David Aasen Sandved	Seksjonsleiar seksjon for fylkesonservatoren
Sølve Dag Sondbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Tone Haugland	Seniørrådgjevar Kultur og idrettsavdelinga
Bjørg Larsen	Spesialrådgjevar Kultur og idrettsavdelinga
Marianne Ose Askvik	Spesialrådgjevar Kultur og idrettsavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabsleiar Kultur og idrettsavdelinga

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 81/16	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 82/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 83/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 34/16	Møteplan 2017 for fylkeskommunale organ	2015/5700	
RS 35/16	Dialogkonferansen 2016 - førebels program	2016/4768	
RS 36/16	Folkehelsekonferansen 2016	2016/5119	
RS 37/16	Offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Smelteverkstomta - Sentrum - Odda kommune - fråsegn	2014/24671	
RS 38/16	Melding om høyring av kommuneplanens arealdel - fråsegn	2016/4006	
RS 39/16	Plankonferansen i Hordaland 25 - 26. oktober 2016 - melding	2016/5160	
RS 40/16	Oversyn over komande kraftsaker i Hordaland	2016/5162	
PS 84/16	Søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune. Fråsegn.	2016/3740	
PS 85/16	Søknad om løyve til å byggja 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Fråsegn.	2015/1935	
PS 86/16	Sommerfullmakt 2016 frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til utvalsleiar	2016/4933	
PS 87/16	Fråsegn til kommuneplanen sin arealdel 2016-2027, Austrheim kommune	2016/4091	
PS 88/16	Konseptvalutgreiing logistikknutepunkt i Bergensregionen - Høyringsfråsegn	2014/230	
PS 89/16	Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2016/18	2016/3130	
PS 90/16	Søknad om prosjektilskot sykling og psykisk helse	2014/24367	
PS 91/16	Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom	2016/957	
PS 92/16	Fordeling av fylkeskommunalt investeringstilskot 2016	2016/3291	
PS 93/16	Fordeling av prosjektmidlar folkemusikk - budsjettpost 400.735	2016/5155	
PS 94/16	Stønad til Kulturtiltak - amatør	2016/2418	
PS 95/16	Dispensasjonsordning i 2016 vedrørande søknadar til Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar	2016/3710	
PS 96/16	Kriterier for turnering gjennom Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen	2016/2594	
PS 97/16	Tilskot til større kulturprosjekt med regional verdi	2016/2419	
PS 98/16	Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell	2016/573	
PS 99/16	Fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2016	2016/42	
PS 100/16	Internasjonalt prosjektsamarbeid	2016/5117	
PS 101/16	Ymse		

PS 81/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

PS 82/16 Godkjenning av møtebok frå førre møte

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå utval for kultur, idrett og regional utvikling .08.06.2016 vart godkjend utan merknader.

PS 83/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Til RS 34/16 Møteplan 2017 for fylkeskommunale organ, røysta eit samla utval for å endra fast møtedag for utvalet frå tysdagar til onsdagar om dette let seg gjere. Administrasjonen syter for at dette vert formidla til behandlinga av møteplane i fylkesutvalet i juni 2016.

Utvalsleiar Beate Husa oppmoda medlemene til å ta del på konferansane nemnd i RS 35/16, RS 36/16 og RS 39/16.

RS 34/16 Møteplan 2017 for fylkeskommunale organ

RS 35/16 Dialogkonferansen 2016 - førebels program

RS 36/16 Folkehelsekonferansen 2016

RS 37/16 Offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Smelteverkstomta - Sentrum - Odda kommune - fråsegn

RS 38/16 Melding om høyring av kommuneplanens arealdel - fråsegn

RS 39/16 Plankonferansen i Hordaland 25 - 26. oktober 2016 - melding

RS 40/16 Oversyn over komande kraftsaker i Hordaland

PS 84/16 Søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune. Fråsegn.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Nåmdalselva kraftverk

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nåmdalselva kraftverk.
2. Av omsyn til sjøaure og laks, biologisk mangfald, landskap og samla belastning for anadrom fisk i Modalsvassdraget rår Hordaland fylkeskommune til alt. C for kraftstasjon.
3. Av omsyn til anadrom fisk må omløpsventil installerast i kraftstasjonen, og anlegget må utformast slik at ein unngår gassovermetting. Dessutan må automatisk forbisleppingsventil vurderast.
4. Av omsyn til fossekall, vintererle og brunaure må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle må skogen langs elva haldast intakt. For fossekall må oppsetting av eigne reirkassar vurderast der trygge reirplassar forsvinn.
5. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk.

6. Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikke vert vesentleg redusert.

Tveråna kraftwerk

7. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Tveråna kraftwerk.
8. Av omsyn til landskap, kulturminne, friluftsliv og samla belastning for Hellandsdalen vil Hordaland fylkeskommune rå til alternativ utbygging slik utbyggjar har utgreidd med utbygging utan veg til øvre del av trykkrøyret og boring heilt opp til inntaket. Av same omsyn og omsyn til brunaure rår Hordaland fylkeskommune også til auka minstevassføring i Tveråna og Tveradalsfossen.
9. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk.
10. Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikke vert vesentleg redusert.

Budal II kraftwerk

11. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Budal II kraftwerk.
12. Av omsyn til eter, brunaure og fossekall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring.
13. Der trygge reirplassar for fossekall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast.
14. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova.
15. Vassføringa i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikke vert vesentleg redusert.

Kvernhusfossen kraftwerk

16. Av omsyn til sårbart fjordlandskap av stor verdi, friluftsliv av stor verdi, reiseliv av stor verdi og samla belastning for landskap og friluftsliv i Modalen rår Hordaland frå utbygging av Kvernhusfossen kraftwerk.

Todeiselva kraftwerk

17. Av omsyn til gyte- og oppvekstområde for sjøaure og laks av stor verdi og samla belastning for anadrom fisk i Modalsvassdraget rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Todeiselva kraftwerk.

Seljedalselva kraftwerk

18. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Seljedalselva kraftwerk.
19. Hordaland fylkeskommune rår til minstevassføring i Trollegilsbekken som tek omsyn til sårbare artar og viktige naturtypar i influensområdet til tiltaket.
20. Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen rår Hordaland fylkeskommune til alternativ utbygging slik utbyggjar har utgreidd med utbygging utan veg til inntaket.
21. Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen og brunaure og fossekall rår Hordaland fylkeskommune til auka minstevassføring i Seljedalselva og Seljedalsfossen.
22. Der trygge reirplassar for fossekall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast.
23. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova.
24. Vassføringa i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikke vert vesentleg redusert.

Bleidalselva kraftwerk

25. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Bleidalselva kraftwerk.
26. Hordaland fylkeskommune rår til minstevassføring og minimale fysiske inngrep som tek omsyn til

- raudlistearten barlind og utvald naturtype hole eiker i influensområdet til tiltaket.
27. Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen og brunaure og fossekall rår Hordaland fylkeskommune til auka minstevassføring i Bleidalselva og Bleidalsfossen.
 28. Der trygge reirplassar for fossekall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast.
 29. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk.
 30. Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert.

Almelidelva kraftwerk

31. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Almelidelva kraftwerk.
32. Av omsyn til landskap, kulturminne og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune til alternativ veglaus utbygging slik det er presentert av tiltakshavar i søknaden og høgare minstevassføring i Almelidelva og fossen i tiltaket.
33. Av omsyn til hekkande fossekall og oter i influensområdet må NVE stilla krav om naudsynt minstevassføring og oppsetting av reirkasser for fossekall der potensielt trygge reirplassar forsvinn.
34. Av omsyn til kollisjonsrisiko for fugl rår Hordaland fylkeskommune til kabling av heile eller delar av 600 m lang hengekabel frå kraftstasjon over Moelva til tilknytingspunktet.
35. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova.

PS 85/16 Søknad om løyve til å byggja 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Fråsegn.

Forslag til innstilling

Fjellfossen kraftwerk

1. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi, friluftsretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Fjellfossen kraftwerk.

Nonstadgilet kraftwerk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftwerk.
3. Som avbøtande tiltak bør NVE vurdera å krevja tunnel for vassvegen til kraftverket.
4. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask revegetering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.
5. Av omsyn til villrein må støydempande tiltak vektleggjast.

Steinsedalselvi kraftwerk

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Steinsedalselvi kraftwerk.
7. Av omsyn til sårbart høgfjellsområde av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå konsesjon for inntak 3.
8. Tilførselsvegen til kraftstasjonen må i stort mogleg grad vera landskapstilpassa utan store synlege skjeringar og fyllingar.
9. Alternativ bruk av tunnelmassar framfor massedeponi i tiltaksområdet bør vurderast.
10. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask

revegtering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.

11. Av omsyn til villrein må støydempande tiltak vektleggjast.

Leirofossen kraftverk

12. Av omsyn til friluftsretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Leirofossen kraftverk.
13. I samband med konsesjon og utbygging av småkraftverka Fjellfossen, Steinsedalselvi og Leirofossen må kulturminneverdiane vera avklart etter kulturminnelova § 9.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

"Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til neste møte 10. mai 2016.

Grunngjeving:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling skal fatte vedtak på sjølvstendig grunnlag, men det er likevel nyttig å ha kjennskap til kommunen sitt syn på saka, og utval for kultur, idrett og regional utvikling vil difor avvente deira behandling."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til neste møte 10. mai 2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Vedtak

Saka vart utsett i utval for kultur, idrett og regional utvikling, og vart difor ikkje behandla av fylkesutvalet.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Sara H Sekkingstad (Sp) sette fram slikt forslag til vedtak pkt.1 og pkt. 12:

«Fjellfossen kraftverk

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fjellfossen kraftverk. Området ligg i sårbart høgfjell av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi, og friluftsretta reiseliv av stor verdi, men rår likevel til utbygging. Sjølve kraftverket må lydisolerast.

Leirofossen kraftverk

12. Omsynet til friluftsretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området gjer det krevjande å rå til utbygging av Leirofossen kraftverk. Hordaland fylkeskommune rår likevel til utbygging av Leirofossen kraftverk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

Røysting

Sekkingstad sitt forslag til nytt pkt. 1 og 12 fekk ei røyst (Sp) og fall mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 11 røyster.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 t.o.m. 11 vart samråystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 13. vart samråystes vedteke.

Innstilling

Fjellfossen kraftverk

1. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi, friluftsretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune fra utbygging av Fjellfossen kraftverk.

Nonstadgilet kraftverk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk.
3. Som avbøtande tiltak bør NVE vurdera å krevja tunnel for vassvegen til kraftverket.
4. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask revegetering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.
5. Av omsyn til villrein må støydempande tiltak vektleggjast.

Steinsedalselvi kraftverk

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Steinsedalselvi kraftverk.
7. Av omsyn til sårbart høgfjellsområde av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune fra konsesjon for inntak 3.
8. Tilførselsvegen til kraftstasjonen må i stort mogleg grad vera landskapstilpassa utan store synlege skjeringar og fyllingar.
9. Alternativ bruk av tunnelmassar framfor massedeponi i tiltaksområdet bør vurderast.
10. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask revegetering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.
11. Av omsyn til villrein må støydempande tiltak vektleggjast.

Leirofossen kraftverk

12. Av omsyn til friluftsretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune fra utbygging av Leirofossen kraftverk.
13. I samband med konsesjon og utbygging av småkraftverka Fjellfossen, Steinsedalselvi og Leirofossen må kulturminneverdiane vera avklart etter kulturminnelova § 9.

PS 86/16 Sommerfullmakt 2016 fra utval for kultur, idrett og regional utvikling til utvalsleiar

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen legg fram saka utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf og Sp:

- «1. Det planlagde møtet for utvalet 16. august utgår.
- 2. I dei sommarvekene utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje har møte, har utvalsleiaren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av utval for kultur, idrett og regional utvikling i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd.

Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for utval for kultur, idrett og regional utvikling i første møte etter ferien.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Det planlagde møtet for utvalet 16. august utgår.
2. I dei sommarvekene utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje har møte, har utvalsleiaren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for utval for kultur, idrett og regional utvikling i første møte etter ferien

PS 87/16 Fråsegn til kommuneplanen sin arealdel 2016-2027, Austrheim kommune

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit godt og tenleg styringsreiskap for Austrheim kommune. Kommuneplanens arealdel er i hovudsak i samsvar med mål og retningsliner i regionale planar. Utvalet er positiv til kommunen sine overordna arealstrategiar.
2. Utvalet ber om at senterstruktur med sentrumsutstrekning vert fastsett i kommuneplanen i henhold til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, § 2.3
3. Det er uheldig med tilrettelegging for bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1), og utvalet ber om at kommunen tek desse områda ut av planforslaget. Kommunen bes vidare om å gjere vurderingar av, og synleggjere i føreseggn, kor mange bustader ein kan tillate i dei særskilde LNF-SB/SBN områda i løpet av planperioden.
4. Utvalet ber om at kommunen gjennomfører arealvurderingar av område for skjelsandutvinning og at aktuelle område for skjelsandutvinning vert synleggjort i kommuneplanen.
5. Akvakultur er i for liten grad ivaretatt i planframlegget frå Austrheim kommune, særleg i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
 - Akvakulturanlegga ved Øksneset og Allersholmen må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.
6. Utvalet har særlege merknader når det gjeld akvakultur på følgjande punkt:
 - Kommunen bør gjere ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur.
 - Det bør takast inn ei føreseggn som sikrar utlegging av fortøyinger i område for ferdsl i Hoplandsosen.
7. Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
 - I. Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
 - II. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføreseggnene.
 - III. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).

Motsegn vert trekt dersom forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget

ved endeleg godkjenning.

8. Utvalet ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframleggget ved endeleg godkjenning:
 - I. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
 - II. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit godt og tenleg styringsreiskap for Austrheim kommune. Kommuneplanens arealdel er i hovudsak i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Utvalet er positiv til kommunen sine overordna arealstrategiar.
2. Utvalet ber om at senterstruktur med sentrumsutstrekning vert fastsett i kommuneplanen i henhold til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, § 2.3
3. Det er uheldig med tilrettelegging for bustadbygging ved Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1), og utvalet ber om at kommunen tek desse områda ut av planforslaget. Kommunen bes vidare om å gjere vurderingar av, og synleggjere i føresegn, kor mange bustader ein kan tillate i dei særskilde LNF-SB/SBN områda i løpet av planperioden.
4. Utvalet ber om at kommunen gjennomfører arealvurderinger av område for skjelsandutvinning og at aktuelle område for skjelsandutvinning vert synleggjort i kommuneplanen.
5. Akvakultur er i for liten grad ivaretatt i planframleggget frå Austrheim kommune, særlig i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
 - Akvakulturanlegga ved Øksneset og Allersholmen må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering.
6. Utvalet har særlege merknader når det gjeld akvakultur på følgjande punkt:
 - Kommunen bør gjere ei ny vurdering av sjøområda for å legge til rette for akvakultur.
 - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyinger i område for ferdsel i Hoplandsosen.
7. Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
 - IV. Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
 - V. Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføreseggnene.
 - VI. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføresegna, og den mellomalderske delen av kyrkjegården må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).

Motsegn vert trekt dersom forslag til føresegner vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.

8. Utvalet ber om at generelle føresegner knytt til sikring av omsynet til kulturminne av lokal, regional og nasjonal interesse vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning:
 - III. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
 - IV. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

PS 88/16 Konseptvalutgreiing logistikknutepunkt i Bergensregionen - Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget står Jernbaneverket sin konklusjonen om at det ikkje er grunnlag for ei samla løysing, og rår til ei delt løysing for jernbaneterminal og hamn.
2. Fylkesrådmannen blir beden om å kome attende med ei sak som vurderer vidare planprosess for regional hamn etter at regjeringa har teke avgjerd om lokalisering av jernbaneterminal.
3. Jernbaneterminalen på Nygårdstangen bør oppgraderast for å ivareta terminalkapasitet fram mot 2030.
4. Fylkestinget meiner det av omsyn til byutvikling og med omsyn til næringsliv og berørte innbyggjarar hastar med å avklare framtidig lokalisering av jernbaneterminal i Bergen. Alle dei aktuelle alternativa har store negative verknader for lokalsamfunn og for dei områda som blir omfatta. Behovet for auka terminalkapasitet og omsyn til byutvikling og å redusere tungtrafikk i Bergen sentrum tilseier likevel at terminalen må flyttast ut frå Nygårdstangen.
5. Fylkestinget meiner at ei lokalisering i Arnadalen vil gi den kortaste tilknyting til Bergensbanen. Dei føreslalte alternativa har likevel store utfordringar og konfliktar knytt til seg. Fylkestinget ber om ei tilleggsutgreiing for å vurdere om det er mogleg å finne tilstrekkeleg med areal for eit terminalområde i nedre Arnadalen i tilknyting til eksisterande og planlagt næringsareal. Her må det vurderast om noen funksjonar kan leggjast i fjell.

Fylkestinget rår til at denne lokaliseringa vert valt for ny godsterminal dersom det viser seg at ei løysing i nedre Arnadalen kan gjennomførast på ein tilfredstilande måte med omsyn til arealtilgang, økonomi, rasjonell drift og konfliktpotensiale.

6. Om alternativet i nedre Arnadalen ikkje er realistisk, støtter fylkestinget Jernbaneverket si konklusjon om at Rådal eller Unneland er dei aktuelle terminalområda. Arealkonfliktane knytt til nærmiljø, landbruk, naturmiljø, landskap og kulturmiljø på Unneland er store, og desse er etter fylkestinget si mening såpass store at Rådal bør prioriterast føre Unneland. Dette sjølv om kostnadene ved Rådal er høgare, det er negativt for arealkonfliktar knytt til friluftsliv, og dette alternativet har større potensial for å kome i konflikt med framtidig byutvikling.
7. Fylkestinget rår i frå Haukås som terminalområde. Det føreslalte terminalområdet gir høgt transportarbeid med påfølgjande høge klimagassutslepp, og alternativet har høge kostnader. Det er registrert fleire raudliseartar i området. Terminalområdet gir også store konsekvensar for nærmiljø, mellom anna på grunn av nedbygging av grønstruktur og innløysing av bustader.
8. Konsekvensane av tiltaka må minimaliserast, og avbøtande tiltak må bli sett på dagsorden i vidare planarbeid. Å leggje opp til ein god dialog med lokalmiljøet vil vere sentralt.
9. Dersom nedre Arnadalen vert valt som lokalisering må vidare planarbeid ha spesielt fokus på:
 - a) Tilhøvet til lokalmiljø og bustader i området

- b) Avbøtande tiltak mot Storelva som sikrar laksestamma i elva.
c) Gamle Vossebana
10. Dersom Rådal vert valt som alternativ må vidare planarbeid ha spesielt fokus på:
- a) Ei plassering som gir minst mogleg konsekvensar for friluftsliv i området
 - b) Nærleik til Stend hovudgård med omgjevnader vil krevje god tilpassing av nye tiltak knyt til jernbaneterminalen.
 - c) Tilrettelegging av innfallsport og turstiar i Hordnesskogen.
11. Dersom Unneland blir vald som lokalisering må vidare planarbeid ha spesielt fokus på:
- a) Kopling til planarbeidet for Ringvei Øst leggjast slik at ein sikrar god tilknyting mellom hovudvegnettet og jernbaneterminalen.
 - b) Tilhøve til nærmiljø og til bustadområde i nærleiken
 - c) Verknader for naturreservatet på Nesvika
 - d) Gjenbruk av matjord for nydyrkning
 - e) Bevaring av laksestamma i Storelva
12. Fylkestinget vil rá til at passasjertrafikk på tog mellom Bergen Lufthavn Flesland og Bergen sentrum ikkje vert vurdert vidare som ein del av arbeidet med logistikknutepunkt i Bergensområdet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 02.06.2016

Gustav Bahus (Frp) sette fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune mener konseptvalgutredningen for logistikknutepunkt i Bergensregionen ikke i tilstrekkelig grad svarer på bestillingsbrevet fra Samferdselsdepartementet 07.03.2014.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir gjennomført en tilleggsutredning som må avklare alternative konsept, herunder Flesland Øst.
3. Flesland Øst må utredes nærmere med følgende premisser;
 - kombinert anlegg med dagløsning og fjellhaller, evt. utskyting av større arealer i det området som uansett er omfattet av støysonen til Bergen Lufthavn Flesland
 - rullebane nr. 2 på Flesland skal kunne realiseres
 - mulighet for samvirke med havn på Flesland, ref. nasjonale føringer om økning av godstransport på sjø
 - muligheten for persontransport på jernbane Bergen-Flesland, evt. med arm til Åsane»

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

«Erstatningsforslag punkt 1:

1. Fylkestinget meiner føresetnadane for samlokalisering er til stades, og at Jernbaneverket bør gjennomføra ei tilleggsutgreiing med samlokalisering på Flesland, sjølv om dette skulle kome i strid med rullebane 2.

Forslag 2:

Stryke punkt 12.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

Alternativt framlegg frå SV frå punkt 3 og resten av innstillinga

3. Bruken av Nygårdstangen til godsterminal representerer ein arealbruk som isolert klimarekneskapsmessig er den mest gunstige lokaliseringa mot godstransportarbeid på veg. Fylkestinget er klar over at dersom ny terminal ikkje er ferdigstabilert på det tidspunktet Nygårdstangen har nådd kapasitetsgrensa si, vil det vere høg risiko for at jernbanen fortløpande tapar marknadsandelar til vegransport. Fylkestinget er likevel av den meininga at med redusert økonomisk vekst kan vi tenke nytt og betre rundt forbruk og transport. Det er nødvendig med redusert vekst av natur- og klimaomsyn. Ingenting

tyder på at det er berekraftig å fortsette som nå. Fylkestinget vil med bakgrunn i dette prioritere eit oppgradert 0-alternativ på Nygårdstangen på kort sikt.

4. I tilknyting til 0-alternativ på Nygårdstangen kan det vere aktuelt å utvide terminalområdet ved bruk av fjellet på Ulrikensida, og fylkestinget ber om at fjellhall vert utgreidd. Utgreiinga bør også inkludere utgreiing av mindre fjellhallar, som kan byggast i ulikt tidsrom alt etter terminalbehov og muligkeit for handtering av overskotstein.
5. Fylkestinget ønskjer ein størst mogleg del av godstransporten skal gå på bane. Saman med forventa befolkningsvekst i Bergensområdet meiner fylkestinget at det vil vere behov for ein ny og større terminal i framtida, sjølv om forbruksnivået vert redusert. Fylkestinget meiner at det arealet som i dag er bandlagt for rullebane 2 ved Flesland er det mest aktuelle området for ein framtidig godsterminal, og ber om at dette arealet vert utgreidd.
6. Fylkestinget meiner ei plassering av godsterminalen på Unneland har uhaldbare konsekvensar for naturmiljø (inkl. Nesvika naturreservat), dyreliv og landbruk og vil ikkje under nokon omstende kunne gå inn for dette alternativet.
7. Fylkestinget meiner en godsterminal på Haukås er feil plassering i forhold til lokal transport av godset, der det meste skal sørover i byen. Når ein i tillegg må ta omsyn til den unike bestanden av elvemusling som er bygd opp gjennom mange år, tap av raudlista arter og våtmark, i tillegg til 40-50 bustadhus, er Haukås ein heilt uakseptabel plassering.
8. Fylkestinget meiner at Espeland og ulike plasseringar i Arnadalen gir særlig store konfliktpotensial knytt til kulturmiljø og omsyn til Storelva og vassdraget i sin heilheit, som er Bergens beste laksevassdrag, der undersøkingane viser at elvane i Arna-vassdraget er meget eigna som oppvekststreal for laks og sjøaure. Alternativet føreset innløsing av ca. 100 bustader og 148 dekar dyrka mark. Arnadalen har for lite areal som gir vanskelege utvidingsforhold. Fylkestinget meiner vidare ei lokalisering i den trange Arnadalen vil påføre uakseptable buforhold i form av støy og forureining.
9. Fylkestinget ser det som svært uheldig å plassere ein ny terminal i Hordnesskogen. Viktige natur- og friluftsverdiar vil gå tapt. Uavhengig av plasseringa av sjølve terminalen, ser ein det som lite truleg at friluftsområdet kan verte opprethalde.
10. Fylkestinget tilrår at passasjertrafikk på tog mellom Bergen Lufthavn Flesland og Bergen sentrum vert vurdert vidare som ein del av arbeidet med logistikknutepunkt i Bergensområdet.»

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til ekstra møte i utval for miljø og samferdsel 13. juni.»

Grunngjeving: Utvalet treng tid til å drøfte problemstillinga nærmare.

Røysting (forslaget om utsetning)

Golis sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (H).

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vert utsett til ekstra møte i utval for miljø og samferdsel 13. juni.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag på vegner av A, Krf og Sp:

«Saka vert utsett til ekstra møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. eller 14. juni.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke.

Innstilling

Saka vert utsett til ekstra møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. eller 14. juni.

PS 89/16 Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2016/18

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Hordaland.
2. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til prosjektplan for prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Hordaland.
3. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å delta i styringsgruppa for arbeidet.
4. Fylkesutvalet løyver kr 200.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2016/2017. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 02.06.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Hordaland.
2. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til prosjektplan for prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Hordaland.
3. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å delta i styringsgruppa for arbeidet.
4. Fylkesutvalet løyver kr 200.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2016/2017. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Hordaland.
2. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til prosjektplan for prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Hordaland.
3. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å delta i styringsgruppa for arbeidet.
4. Fylkesutvalet løyver kr 200.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2016/2017. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00.

PS 90/16 Søknad om prosjektilskot sykling og psykisk helse

Forslag til vedtak

1. Det vert løyvd kr 150 000,- til prosjektet Sykkel og psykisk helse. Prosjektet vert sett som ein del av ei heilskapleg satsing på sykkel i eit folkehelseperspektiv med psykiatrien i Hordaland som spesifikk målgruppe. Hordaland fylkeskommune følgjer opp prosjektutviklinga gjennom deltaking i prosjektgruppe.
2. Det vert løyvd kr 50 000,- til innkjøp og drift av utstyr til prosjektet. Desse midlane vert omdisponert frå tidlegare vedteken løyving til Voss kommune for Vinterfestivalen i Myrdalen som vart avlyst i 2016.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det vert løyvd kr 150 000,- til prosjektet Sykkel og psykisk helse. Prosjektet vert sett som ein del av ei heilskapleg satsing på sykkel i eit folkehelseperspektiv med psykiatrien i Hordaland som spesifikk målgruppe. Hordaland fylkeskommune føl opp prosjektutviklinga gjennom deltaking i prosjektgruppe.
2. Det vert løyvd kr 50 000,- til innkjøp og drift av utstyr til prosjektet. Desse midlane vert omdisponert frå tidlegare vedteken løyving til Voss kommune for Vinterfestivalen i Myrdalen som vart avlyst i 2016.

PS 91/16 Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelenar for barn og ungdom

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 500 000 i tilskotsordning *regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelenar for barn og ungdom* budsjettpost 400.420.11 slik:

Søkar	Kommune	Tiltak	Kostnad	Søknad	Tilskot
CK Sotra	Øygarden og Fjell	Sykkeldagar for barn og ungdom i 2016		26 650	Avslag
Fjell kommune, Sotra CK og NCF Sykkelkrets Vest	Fjell	Regionalt sykkelanlegg Midtmarka		83 700	Avslag
Høylandsbygd Bygdalag	Kvinnherad	Tveito utmark	945 000	200 000	Avslag
Naturvernforbundet	Udefinert	Prøvekjøre elsykkel		100 000	Avslag
Norges Cycle forbund Region Vest	Hordaland	Skulemesterskap sykling		85 000	Avslag
Norges Cycle forbund Region Vest	Hordaland	Sykle til skulen		200 000	Avslag
Norges Cycle forbund Region Vest/ Bergen 2017	Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden + nye kommunar	Alle barn syklar		500 000	500 000
Total				1 195 350	500 000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 500 000 i tilskotsordning *regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom* budsjettpost 400.420.11 slik:

Søkar	Kommune	Tiltak	Kostnad	Søknad	Tilskot
CK Sotra	Øygarden og Fjell	Sykkeldagar for barn og ungdom i 2016		26 650	Avslag
Fjell kommune, Sotra CK og NCF Sykkelkrets Vest	Fjell	Regionalt sykkelanlegg Midtmarka		83 700	Avslag
Høylandsbygd Bygdalag	Kvinnherad	Tveito utmark	945 000	200 000	Avslag
Naturvernforbundet	Udefinert	Prøvekjøre elsykkel		100 000	Avslag
Norges Cycle forbund Region Vest	Hordaland	Skulemeisterskap sykling		85 000	Avslag
Norges Cycle forbund Region Vest	Hordaland	Sykle til skulen		200 000	Avslag
Norges Cycle forbund Region Vest/ Bergen 2017	Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden + nye kommunar	Alle barn syklar		500 000	500 000
Total				1 195 350	500 000

PS 92/16 Fordeling av fylkeskommunalt investeringstilskot 2016**Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler løyvinga på kr 2,5 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2016 slik:

Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr 2 500 000
Bergen kommune	Bergen Tennisklubb	kr 0
Stord kommune	Stord Hestesportssenter	kr 0

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler løyvinga på kr 2,5 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2016 slik:

Bergen kommune	Helleren bad- og symjeanlegg	kr 2 500 000
Bergen kommune	Bergen Tennisklubb	kr 0
Stord kommune	Stord Hestesportssenter	kr 0

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

PS 93/16 Fordeling av prosjektmidlar folkemusikk - budsjettpost 400.735

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 300.000 frå post 400.735 «prosjekt innan folkemusikk» i driftsstønad til Hardingfela.no for 2016.
2. Kr. 100.000,- vert sett av til stipend innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans.
3. Stipend kan tildelast profesjonell utøvar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell utdanning.
4. Stipenda vert fordelte slik:
 - a. eitt folkemusikkstipend på kr 50.000
 - b. to stipend á kr 25.000 til unge utøvarar innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans
5. Stipenda vert tildelt ein gong årleg.
6. Rådet for Hardingfela.no vert rådgjevande fagkomité for stipenda og innstiller til fylkesrådmannen på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering basert på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar vedtak om tildeling av stipend.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Siri Klokkerstuen (A) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf og Sp:

«Endring pkt. 5: Stipenda vert utlyst og tildelt årleg.»

Røysting

Klokkerstuen sitt forslag til endra pkt. 5 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag elles vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 300.000 frå post 400.735 «prosjekt innan folkemusikk» i driftsstønad til Hardingfela.no for 2016.
2. Kr. 100.000,- vert sett av til stipend innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans.
3. Stipend kan tildelast profesjonell utøvar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell utdanning.
4. Stipenda vert fordelte slik:
 2. eitt folkemusikkstipend på kr 50.000
 3. to stipend á kr 25.000 til unge utøvarar innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans
5. Stipenda vert utlyst og tildelt årleg.
6. Rådet for Hardingfela.no vert rådgjevande fagkomité for stipenda og innstiller til fylkesrådmannen på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering basert på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar vedtak om tildeling av stipend

PS 94/16 Stønad til Kulturtiltak - amatør

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 546 000 kroner over budsjettpost 400.740., slik:

	Søkjar	Tilrådd
1	AKKS BERGEN	18000
2	AKKS BERGEN	10000
3	AKKS BERGEN	8000
4	Aldateateret	Avslag
5	AMATØRKULTURRÅDET I BERGEN	Avslag
6	AUDIATUR BOKHANDEL AS	Avslag
7	BERGEN DØVESENTER	18000
8	Bergen Ungdomsstorband (BUS)	15000
9	BERGEN VEST SENIORTEATER	8000
10	BERGEN VISEFORUM	10000
11	BERGEN VISEFORUM	15000
12	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	10000
13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	6000
14	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
15	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	8000
16	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
17	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
18	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
19	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5000
20	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
21	BLASTPHEMY PRODUCTION AS	22000
22	ÅTLAGET NJORD/TYSNES	Avslag
23	CISV NORDHORDLAND	18000
	DE UNGES ORKESTERFORBUND	15000
24	HORDALAND	
25	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	12000
26	Epwisef Association	10000
27	FANA UNGE STRYKERE	Avslag
28	FITJAR SKULEKORPS	Avslag
29	FJORDABAATANE	20000
30	Florvåg Skoles Musikkorps	Avslag
31	FOLKEAKADEMIET HORDALAND	5000
32	Frank Flæsland	8000
33	GEORG JOHANNESEN-SEMINARET	12000
34	HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	Avslag
35	HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	20000
36	Hylkje Vel, Fritidsklubb	Avslag
	Irene Tillung	Søknad trukket
37		
38	Janne Robberstad	25000
39	KETIL KINDEN ENDRESEN	Avslag
40	KLEPPE GRENDALAG	Avslag
41	Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Avslag
42	Kvam Kulturskule, Kvam herad	15000
43	Kvemmadokkje Husmannsplass	15000
44	lillianne førgaard	Avslag
45	Neeta Sankholkar	Avslag
46	Norhordaland Kunstlag	8000
47	Radio tamil Bergen	10000
48	Samnanger kommune	Avslag

49	SN REGION HORDALAND	17000
50	SOMMERSTRYK	20000
51	SOTRA FOLKEDANSLAG	Avslag
52	SOTRA FOLKEDANSLAG	5000
53	STIFTINGA TRELLEVIK	Avslag
54	STORD FILMKLUBB	15000
55	STRILEN ARTIST- OG VISEKLUBB	15000
56	SUNNHORDLAND KAMMERORKESTER	12000
57	TERTNES SKOLES MUSIKKORPS	20000
58	Torgdagen i Bergen	20000
59	ULRIKEN JANITSJAR	Avslag
60	UNISON AS	25000
61	Vestnorsk Ungdomsorkester	15000
62	Vidar Lehrmann	12000
63	Voss Jazzskule	15000
64	Voss Spelemannslag	12000
	SUM	549000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Medlem Sara Hamre Sekkingstad ønskte utvalet si vurdering om gildskap då ho var leiar på arrangementet søknad nr.23 CISV Nordhordland.

Eit samla utsaitt vedtok at Sekkingstad var ugild og ho gjekk frå.

Det var 11 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 546 000 kroner over budsjettpost 400.740., slik:

	Søkjar	Tilrådd
1	AKKS BERGEN	18000
2	AKKS BERGEN	10000
3	AKKS BERGEN	8000
4	Aldateateret	Avslag
5	AMATØRKULTURRÅDET I BERGEN	Avslag
6	AUDIATUR BOKHANDEL AS	Avslag
7	BERGEN DØVESENTER	18000
8	Bergen Ungdomsstorbund (BUS)	15000
9	BERGEN VEST SENIORTEATER	8000
10	BERGEN VISEFORUM	10000
11	BERGEN VISEFORUM	15000
12	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	10000
13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	6000
14	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
15	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	8000
16	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
17	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
18	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
19	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5000
20	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
21	BLASTPHEMY PRODUCTION AS	22000
22	BÅTLAGET NJORD/TYSNES	Avslag
23	CISV NORDHORDLAND	18000
24	DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND	15000

25	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	12000
26	Epwisef Association	10000
27	FANA UNGE STRYKERE	Avslag
28	FITJAR SKULEKORPS	Avslag
29	FJORDABAATANE	20000
30	Florvåg Skoles Musikkorps	Avslag
31	FOLKEAKADEMIET HORDALAND	5000
32	Frank Flæsland	8000
33	GEORG JOHANNESEN-SEMINARET	12000
34	HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	Avslag
35	HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	20000
36	Hylkje Vel, Fritidsklubb	Avslag
37	Irene Tillung	Søknad trukket
38	Janne Robberstad	25000
39	KETIL KINDEN ENDRESEN	Avslag
40	KLEPPE GRENDALAG	Avslag
41	Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Avslag
42	Kvam Kulturskule, Kvam herad	15000
43	Kvemmadokkje Husmannsplass	15000
44	lillianne førgaard	Avslag
45	Neeta Sankholkar	Avslag
46	Norhordaland Kunstlag	8000
47	Radio tamil Bergen	10000
48	Samnanger kommune	Avslag
49	SN REGION HORDALAND	17000
50	SOMMERSTRYK	20000
51	SOTRA FOLKEDANSLAG	Avslag
52	SOTRA FOLKEDANSLAG	5000
53	STIFTINGA TRELLEVIK	Avslag
54	STORD FILMKLUBB	15000
55	STRILEN ARTIST- OG VISEKLUBB	15000
56	SUNNHORDLAND KAMMERORKESTER	12000
57	TERTNES SKOLES MUSIKKORPS	20000
58	Torgdagen i Bergen	20000
59	ULRIKEN JANITSJAR	Avslag
60	UNISON AS	25000
61	Vestnorsk Ungdomsorkester	15000
62	Vidar Lehrmann	12000
63	Voss Jazzskule	15000
64	Voss Spelemannslag	12000
	SUM	549000

PS 95/16 Dispensasjonsordning i 2016 vedrørande søknadar til Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver dispensasjon til følgjande organisasjonar, slik at dei vert inkludert i fordelinga av tilskotsmidlane til ordninga *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* i 2016:

1. Hordaland Ungdomslag
2. Bergen og Hordaland Turlag
3. Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver dispensasjon til følgjande organisasjoner, slik at dei vert inkludert i fordelinga av tilskotsmidlane til ordninga *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* i 2016:

1. Hordaland Ungdomslag
2. Bergen og Hordaland Turlag
3. Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland

PS 96/16 Kriterier for turnering gjennom Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen

Forslag til vedtak

1. Følgjande kriterium vert lagt til grunn for programmet for kunst- og kulturformidling i skulen:
 - a) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
 - b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
 - c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
 - d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og genremessig bredd, spelestad og formidlingsmåte.
 - e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen sin undervisning i estetiske fag.
 - f) Musikkproduksjonar til grunnskulen skal samsvare med særskilde behov som kjem fram av utlysinga. (Varierer frå år til år.)
 - g) Det skal vera eit særskild fokus på regionale og lokale utøvarar, og nyskapande kunst skal prioriterast.
 - h) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
2. Faggruppene vert styrka
 - a) Faggruppe scenekunst vert styrka med ein ekstern representant, eventuelt frå eit anna fylke.
 - b) Kultur- og idrettsavdelinga finn ny ekstern representant i faggruppe musikk.
 - c) Kultur- og idrettsavdelinga vurderer om andre faggrupper også skal styrkast.
3. Det vert oppretta eit ungdomsprogramråd i samarbeid med Ungdomens fylkesutval.
 - a) Ungdomsprogramrådet gjev råd om fokus og innhald tidleg i planleggingsprosessen.
 - b) Ungdomsprogramrådet vel ut to produksjonar som går direkte inn i programmet, ein til grunnskulen og ein til vidaregående opplæring. Produksjonane vert valde etter at faggruppene har gjort sine faglege vurderingar. Dette vert evaluert våren 2018.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Følgjande kriterium vert lagt til grunn for programmet for kunst- og kulturformidling i skulen:
 - i) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
 - j) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
 - k) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
 - l) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og genremessig bredd, spelestad og formidlingsmåte.
